



KINN KOMMUNE

## M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL:       Kontrollutvalet  
DATO:        20. Januar 2020  
STAD:        Rådhuset Måløy, Einevarden  
TID:         10.15 – 15.30.

### DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet:

Bjørn Hollevik, leiar.  
Nils Myklebust, nestleiar.  
Hanne Husebø Kristensen, medlem.  
Bente Frøyen Steindal, medlem.  
Kjell Heggen, medlem.

Vara:

Rune Nilsen. vara. Fast møtande med talerett.

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.  
Jorunn Sandal, spesialkonsulent. Ikkje i sakene 14, 15, 16, 17 og 18.

Vestland revisjon:

Terje Førde, dagleg leiar/revisjonssjef.  
Trine Vokuhl Havn, kommunerevisor.

Kinn kommune:

Ordførar Ola Teigen, i sakene 1, 2 3, 7 og 10.  
Rådmann Terje Heggheim, i sakene 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 8.  
Linda Myhre Larsen, i sak 9/20.

Forfall:

Ingen.

Møtet var leia av:

Bjørn Hollevik.

## **SAKLISTE**

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 04/20 ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER
- SAK 05/20 ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT SEKRETARIAT – VEST KONTROLL
- SAK 06/20 ORIENTERING OM KOMMUNEN SIN REVISJON – VESTLAND REVISJON
- SAK 07/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 08/20 RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 09/20 MØTEGODTGJERSLE, TAPT ARBEIDSFORTENESTE, GODTGJERSLE VED DELTAKING PÅ KURS OG SYSTEM FOR REISEGODTGJERSLE
- SAK 10/20 ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET I KOMMUNESTYRET - AVKLARING
- SAK 11/20 MØTEPLAN FOR 2020
- SAK 12/20 BUDSJETT FOR KONTROLLSYSTEMET I 2020 – ORIENTERING
- SAK 13/20 KURS OG KONFERANSAR. DELTAKING
- SAK 14/20 MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN
- SAK 15/20 ABONNEMENT PÅ KOMMUNEREVISOREN
- SAK 16/20 OPPFØLGING AV SAKER FRÅ FLORA KOMMUNE (OPPFØLGINGSLISTE)
- SAK 17/20 OPPFØLGING AV SAKER FRÅ VÅGSØY KOMMUNE (OPPFØLGINGSLISTE)
- SAK 18/20 ARBEIDET I KONTROLLUTVALET I 2020 – OPPLYSNINGAR OG INNSPEL FOR UTARBEIDING AV PLAN

### **Før møtet:**

Bjørn Hollevik og Kjell Heggen opplyste om verv i selskap dei har sagt frå seg grunna sine verv i kontrollutvalet. Nils Myklebust opplyste om sine tidlegare verv.

Leiaren bad sekretariatet sende notat til alle medlemmer og vara i kontrollutvalet der dei vert bedne om å opplyse om evt. verv som kan vere i konflikt med vervet som medlem og varamedlem i kontrollutvalet.

Leiaren orienterte om kommunestyret sitt ynskje at 1 vara skal møte fast i kontrollutvalet. Jf. også sak 3/20.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	10.01.2020	20.01.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Ynskjemålet frå ordførar og rådmann om å ta sakene dei skal vere til stades på vert tekne tidleg i møtet. Rekkefølga blir då: 1,2,3, 7, 4, 5, 6, 8, 9 og deretter etter saklista.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Kjell Heggen.

### I møtet

Ordførar og rådmann sette fram ynskje om at sakene dei må vere til stades på vert tekne tidleg i møtet, då dei har andre gjeremål som må utførast denne dagen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	10.01.2020	20.01.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 28.11.2019.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 28.11.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033/17	10.01.2020	20.01.2020	JS

## SKRIV OG MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerar, jf. melding frå rådmannen, at 1. var i kontrollutvalet har same rettar som dei andre medlemmane m.o.t. , møtegodtgjersle , tapt arbeidsforteneste og reisegodtgjersle.
3. Kontrollutvalet vil ha som melding revisjonsuttalar. Jf. tidlegare praksis i Flora kontrollutval.

### I møtet

Det vert vist til at leiaren i kontrollutvalet orienterte innleiingsvis i møte om møteretten til første vara. Sekretariatet har også motteke stadfesting frå rådmannen om rettane.

Revisor orienterte om tidlegare praksis i Flora kommune om behandlinga av revisjonsuttalar, at desse vart sende til kontrollutvalet som melding. Ein praksis utvalet i Kinn ynskjer skal fortsetje.

## Vedlegg

Revisjonsuttale – spelemiddelrekneskapen for 1401 Kinn kommune, Anlegg 50716 Florø stadion, 3 tiltak, rehabilitering friidrett, løpebane, grasbane, med rekneskap.

## Saksopplysningar

- Revisjonsuttale – spelemiddelrekneskapen for 1401 Kinn kommune, Anlegg 50716 Florø stadion, 3 tiltak, rehabilitering friidrett, løpebane, grasbane, med rekneskap.  
Ein viser her til vedlegga sendt over frå revisjonen.
- Dagleg leiar i Vest kontroll vil orientere om status per dato for vedtaka på samarbeidsavtalen til Vest kontroll.  
Per i dag er status slik:
  - Ferdig behandla og godkjent i flg. kommunar: Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.
  - Under behandling i Sande og Stad.
  - Saka vert sendt over til rådmannen i Kinn den 13.01.2020.
- Kommunestyret har tidlegar sett fram ynskje om at 1. vara skal møte fast i utvalsmøta. For å få dette til må vedkomande få rett til møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter på lik linje med dei faste medlemmane. Dette tek ein opp til drøfting og avklaring i sak 9/20  
Møtegodtgjersle m.m.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033	10.01.2020	20.01.2020	JS

## ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang av kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver til orientering.

### I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte og svara på spørsmål.  
PowerPoint vart utdelt.

### Vedlegg

1. Ny rammebetingelse og nye kontrollutvalg av Per Olav Nilsen
2. Hjelp – jeg er ny i kontrollutvalget, av Bjørn Bråthen
3. Frå Kommuneloven sjuande del Egenkontroll – kapittel 22 Kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar, kapittel 23 Kontrollutvalgets virksomhet, kapittel 24 Revisjon
4. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

### Saksopplysningar

Det vert ei orientering om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Ein viser til vedlegga og PowerPoint i møtet.

I seinare møte kan ein legge opp til orientering/opplæring i ulike tema, frå både sekretariatet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Ein viser og til sak 13/20 for kurs/konferansar, lokale og sentrale, som er planlagde og under planlegging.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	033	10.01.2020	20.01.2020	JS

## **ORIENTERING OM SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET – VEST KONTROLL**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang om sekretariatet Vest kontroll til orientering.

### **I møtet**

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte og svara på spørsmål.

Informasjonsbrosjyre vart utdelt.

### **Saksopplysningar**

Dagleg leiar i Vest kontroll vil orientere om samarbeidet/selskapet.

PowerPoint vil bli ein del av orienteringa.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	216	10.01.2020	20.01.2020	JS

## **ORIENTERING OM KOMMUNEN SIN REVISJON – VESTLAND REVISJON**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang om revisjonen til orientering.

### **I møtet**

Dagleg leiar/revisjonssjefen orienterte og svara på spørsmål.

PowerPoint vert ettersendt.

### **Saksopplysningar**

Dagleg leiar/revisjonssjef Terje Førde vil orientere om selskapet.

PowerPoint vil inngå som ein del av orienteringa.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber ordførar om at saker frå kontrollutvalet vert tekne opp tidleg i kommunestyremøta.
2. Dersom nokon frå det politiske miljøet vert kalla inn til møta i kontrollutvalet skal innkallinga gå direkte med den det gjeld, men ordføraren skal orienterast.
3. Saker som kontrollutvalet ynskjer spesielt om at ordføraren skal vere til stades på vert merka spesielt, gjerne på saklista.
4. Kontrollutvalet viser elles til kulepunkta under saksopplysningar og tek det til vitende.

### I møtet

Det vart det spesielt teke opp at utvalet sin saker må kome tidleg opp i kommunestyremøta. Utvalet ynskjer også at ordføraren nyttar seg av retten til møte og talerett i kontrollutvalsmøta. Ordføraren ber om spesiell merking av saker han skal møte i, i kontrollutvalet.

### Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll))
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## **RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet viser til punkta nedanfor og presiseringa frå rådmannen og dette til vitende.

### **I møtet**

Rådmannen ynskjer ikkje at utvalet har møte på måndagane.

Han presiserte viktigheita av godt samarbeid med kontrollutvalet.

Vidare opplyste han at kontrollar Berit Seljeseth Osa i mange tilfelle møter om han ikkje kan. Rådmannen hadde ikkje noko vesentleg å føye til punkta i saksutgreiinga.

Leiaren ynskjer at rådmannen møter i utvalsmøta så ofte han har høve.

Rådmannen ba om at saker han skal vere til stades på i møte vert merka spesielt, gjerne på saklista.

I tillegg orienterte rådmannen om at det kan bli noko støy før ein får vedtak om kva som skal gjerast med Skram skule.

### **Saksopplysningar**

- Rådmannen har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at rådmannen får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Rådmannen bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Rådmannen har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til rådmannen) eller vil rådmannen at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og rådmann ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og rådmann er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## MØTEGODTGJERSLE, TAPT ARBEIDSFORTENESTE, GODTGJERSLE VED DELTAKING PÅ KURS OG SYSTEM FOR REISEGODTGJERSLE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommuneadministrasjonen v/Linda Larsen vitende.

### I møtet

Stabsleiar for informasjon og service Linda Larsen orienterte og svarta på spørsmål.

Ho vil gi tilbakemelding på flg:

Sende over til sekretariatet reglementet for folkevalde og ombod i Kinn kommune, til vidare distribusjon til revisjonen og utvalsmedlemene med vara.

Klargjering for dekning av tapt arbeidsforteneste når leiaren deltek i andre møte enn kontrollutvalet og for dei han sender i slike møte.

Godtgjersler når KU medlemmer deltek på kurs, seminar, konferansar.

Oversending av reiserekningsskjema som må brukast inntil vidare.

### Saksopplysningar

#### Spørsmål og fast møtande vara

Rådmann Terje Heggheim og stabsleiar informasjon og service Linda Myhre Larsen har avklara at 1. vara som skal kallast inn fast skal ha same godtgjersla som andre møtande. Reglane om tapt arbeidsinntekt og reiserekning gjeld også for vedkomande.

#### Orientering om møtegodtgjersle m.m.

Stabsleiar Larsen vil i møtet gå igjennom status for saka om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, kva rettar for dei som deltek på kurs og konferansar samt systemet for reiseGodtgjersle/utfylling av reiserekningar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET I KOMMUNESTYRET

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ynskjer å få høve til å orientere om utvalet sine oppgåver i eit kommunestyremøte.

Leiaren avtalar med ordføraren når det kan høve å få dette til.

### I møtet

Det vart overfor ordføraren sett fram ynskje om at utvalet ynskjer å orientere kommunestyret som sin funksjon/oppgåve.



## Saksopplysningar

Kommunane har hatt Vest Kontroll som sitt sekretariat. For kontrollutvalet har det vore ynskjeleg at leiaren i kontrollutvalet og sekretariatet har ei orientering om kontrollutvalet sin funksjon i kommunestyret. I ein del kommunar har det og vore ynskjeleg med ei orientering frå revisjonen.

Kontrollutvalet bør drøfte, no når ordførar og revisor også er til stades, om ei slik orientering i Kinn kommunestyret er ynskjeleg og når det kan gjennomførast.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## MØTEPLAN FOR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2020:  
17.03, kl. 09.00 i Florø, 28.05, 17.06, 01.09, 03.11 og 08.12.

### I møtet

Alle medlemne fekk høve å kome med ynskje om evt. endringar ut frå sin situasjon. Forslaget til møteplan er ok, bortsett frå at møtet den 18.03. vert flytta til 17.03, møtestad vert Florø med oppstart kl 08.45. Møte den 29.09. går ut. Nytt møte vert sett opp om behov. Møteplass og møtestart vert elles å vurdere fortløpande ut frå praktiske omsyn, men at ein prøver å få til om lag lik fordeling mellom Måløy (tidl. Vågsøy) og Florø (tidl. Flora).

Det kan verte sett opp ekstramøte utover planen ved behov.

### Vedlegg

Forslag til møteplan for kontrollutvalet.  
Oversikt over møter i regi av Vest kontroll.

### Saksopplysningar

For Kinn kontrollutval er det set opp åtte møte i 2020. Møte kan takast vekk om det ikkje er behov. Det har vist seg at det er lettare å avlyse eit møte enn å finne ny dag til eit møte. Dersom det skulle vere behov eller oppstå spesielle situasjonar må ein seinare endre møtedato eller finne plass til nye møte.

Det er ikkje sikkert at oppsett møteplan passar for alle. Vi tek ein gjennomgang i møte og gjer eventuelle justeringar.

Vidare gjer ein merksam på at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunerekneskapen. Dette må skje i møtet den 28.05. som er tilpassa formannskapsmøtet den 04.06. og kommunestyret 16.06. si behandling av kommunerekneskapen for Flora og Vågsøy.

Eg har hatt samtale med revisor og rekneskapssjef om dette.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	151	13.01.2020	20.01.2020	JS

## BUDSJETT FOR KONTROLLSYSTEMET I 2020 - ORIENTERING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

### I møtet

Ein hadde fått klarlagt at kontrollutvalet sitt vedtak for budsjett for 2020. var vedteke. Utvalet vil ha betre oversikt om det trengs meir midlar etter 1.halvår. Leiaren orienterte.

### Vedlegg

Kontrollutvalssak 4/19 Budsjett for kontrollarbeidet 2020 – Kinn kommune

### Saksopplysningar

Ein viser til sak 4/19 som ligg ved.

Budsjett for kontrollutvalet	kr 280.000,-
Budsjett for sekretariatet	kr 415.000,-
Budsjett for revisjonen	kr 1.410.000,-
Totalt	kr 2.105.000,-

Det er stilt spørsmål til administrasjonen om kommunestyret sitt vedtak for budsjett er i samsvar med vedtaket i kontrollutvalet. Per no ligg det ikkje føre tilbakemelding, noko ein forventar ligg føre til møtet.

For kontrollutvalet er det viktig å ha fullt oversyn over løyvingane til heile kontrollordninga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## KURS OG KONFERANSAR. DELTAKING

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek deltaking på flg. kurs/konferansar:

Leiaren og nestleiaren deltek på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 29.01. og 30.01.2020. Vedteke i førre møte.

Kontrollutvalet og første vara, med unntak av Hanne Husebø Kristensen deltek på kontrollutvalskonferansen på Skei 05.02.2020. I tillegg deltek Bjarne Holme og Solveig Willis om dei ynskjer. Hanne Husebø Kristensen gir melding til sekretariatet om ho kan delta på Åram den 16.03.2020.

Leiaren skal delta på FKT sin kontrollutvalslederskole den 21. og 22.04.2020 på Gardermoen.

Leiaren og nestleiaren skal delta på FKT sin fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen den 03. og 04.06.2020.

### I møtet

Det vart opplyst at kurset på Nordfjordeid er flytta til 05.03.2019.

Kvar enkelt må ta kontakt med Vest kontroll for evt. deltaking. Dette vert eit rimeleg kurs kr 500,- per deltakar. Dette då det ikkje er kontrollutvalsmøte før kurset.

### **Vedlegg**

Opplysningar om ulike kurs og konferansar, unntatt dei som er under planlegging.

### **Saksopplysningar**

Opplysningar om kurs og konferansar

1. NKRF sin Kontrollutvalgskonferanse 2020 på Gardermoen den 29.01 og 30.01.2020.
  - a. Påmelde er Bjørn Hollevik og Nils Myklebust.
2. Kontrollutvalgskonferansen på Skei den 05.02.2020. Kr 1150,- pr. person.
  - a. Påmelde er alle i kontrollutvalet og første vara. Totalt kr 6.900,-.
3. Kurs i forståing av kommunalt rekneskap m.m. på Nordfjordeid den 03.03.2020. Under planlegging.
4. Kontrollutvalgskonferansen på Åram den 16.03.2020. Kr 900,- pr. person
5. Kurs for styremedlemar og for dei som representerer kommunane i kommunale og interkommunale selskap og andre selskap der kommunane har eigarinteresse (representantskap og generalforsamling).

Dette er eit kurs Vest kontroll tek på seg å arrangere i samarbeid med rådmennene. Kurset har vore arrangert fleire gongar tidlegare.

Det vert eit eller fleire kurs på ulike stader alt etter interesse. Kontrollutvalsmedlemer, sentrale personar i den kommunale politiske og administrative leinga er og målgruppe. Første kurs er tenkt i byrjinga av april med ekstern svært kvalifisert forelesar. Eit kurs i Kinn bør vere aktuelt. Under planlegging.
6. Kontrollutvalgslederskolen 2020 på Gardermoen den 21.og 22.04.2020. Kr 5.100 pr. person.
7. FKT Fagkonferanse og årsmøte på Gardermoen den 03. og 04.06.2020. Kr 6.800,- pr. person.
8. Det kan arrangerast andre kurs i tema/område etter kontrollutvalet/a sin ynskje.

Kontrollutvalet bør i møtet vurdere kva kurs og konferansar som er aktuelle å delta i.

<b>Saksnr:</b>	<b>Arkivnr:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
14/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## **MEDLEMSKAP I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet vedtek å vere medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT).

### **Vedlegg**

E-post frå Forum for kontroll og tilsyn av 06.01.2020.

### **Saksopplysningar**

Både Kinn kontrollutval og Vågsøy kontrollutval har vore medlemer i FKT. Dersom desse kommunane hadde fortsett som eigne kommunar ville medlemskap ha kosta kr 16.000,- (kr 7000 og kr 9000) samla for 2020. Når desse kommunane no slår seg saman vert kostnaden kr 9.000,- for 2020.

FKT er ein fagleg organisasjon for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat. Dei står for fagleg rettleiing, talsrør over sentrale myndigheiter og er kursarrangør for sine målgrupper. Meir informasjon finn ein i e-posen som er ligg ved saka og på heimesida: <https://www.fkt.no/>

Ein rår til at medlemskap i FKT vert vidareført.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## ABONNEMENT PÅ BLADET KOMMUNEREVISOREN

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtek å abonnere på bladet Kommunerevisoren for medlemne og første vara. I tillegg skal kontrollutvalsmedlemne har abonnement på Kommunal rapport – elektronisk om mulig.

### Vedlegg

### Saksopplysningar

Norges Kommunerevisorforbund gir ut fagbladet Kommunerevisoren. Bladet kjem ut seks gongar i året og inneheld nyttig informasjon om kontroll i kommunane, til nytte for kontrollutvalet så vel som sekretariatet og revisjonen.

Dei fleste medlemar i kontrollutvala som Vest kontroll betener har i dag abonnement.

Kostnaden, kr 425,- per abonnement, totalt kr 2.250,- må gå av kontrollutvalet sitt budsjett.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	033	13.01.20	20.01.2020	KS/JS

## OPPFØLGING AV SAKER FRÅ FLORA KOMMUNE - OPPFØLGINGSLISTE

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølgingslista til vitende.
2. Budsjettet for Kinn kontrollutval vert å ta ut av oppfølgingslista, då det er gjort nødvendig vedtak.
3. Dei to andre sakene vert å følgje opp løpande.

### I møtet

Revisjonen v/Terje Førde gjorde er kort og grei orientering om stoda vedkomande sjukepengereansar frå NAV.

Kontrollutvalsleiaren orienterte om budsjettet til kontrollutvalet.

### Vedlegg

1. E-post, av 19.12.2019: Oppfølgingsliste frå KU i Flora kommune. Oversendt frå revisjon.
2. E-post, av 12.12.2019: Notat om ikkje avslutta saker på oppfølgingslista Flora kontrollutval.

## Saksopplysningar

Frå e-post av 12.12.2019:

Tittel	Beskriving
<b>Sjukepengereansar frå NAV</b>	<p>Hausten 2016 tinga kontrollutvalet undersøking frå KRYSS Revisjon om uteståande krav overfor NAV. Revisjonsrapport dagsett 6.3.17 vart handsama av kontrollutvalet i møte den 30.3.17. Kontrollutvalet vart løpande orientert i tida etter dette.</p> <p>I sak 12/18 den 6.2.18, vedtok kontrollutvalet å sende ein uttale til bystyret med informasjon om saka. Kontrollutvalet har vorte orientert om status også i 2019 og sende uttale til fellesnemnda for Kinn kommune den 20.6.19.</p>
<b>Leigeavtale mellom Flora samfunnshus og Bistro to kokker</b>	<p>Kontrollutvalet fekk informasjon frå rådmannen i møte den 27.11.19. Møtet var lukka under saka, og ikkje offentleg dokumentasjon om saka var tilgjengeleg for gjennomlesing i møtet.</p> <p>I møte den 14.11.19 fekk utvalet høve til å lese gjennom formannskapssak 54/19 med vedlegg. Også desse dokumenta var unnatekne frå offentleg innsyn.</p>
<b>Budsjett for Kinn kontrollutval</b>	<p>Flora kontrollutval vedtok følgjande uttale knytt til budsjett for kontrollutval i den nye kommunen (sak 50/19 den 26.9.19):</p> <p>Kontrollutvalet i Kinn kommune må få økonomisk rom for å utføre oppgåva som kommunestyret sitt kontrollorgan. Mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>· Møteutgifter, møtegodgjerjing, tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i samsvar med kommunen sine reglement.</li><li>· Deltaking på kurs og konferansar.</li><li>· Revisjon og sekretariat Vår referanse</li><li>· Kontingent til Forum for kontroll og tilsyn</li></ul>

Sjukepengereansar frå NAV: Revisor informerer.

Leigeavtale mellom Flora samfunnshus og Bistro to kokker: Rådmannen informerer.

Budsjett for Kinn kontrollutval: Budsjettet til Kinn kontrollutvalet i kontrollutvalet, sak 04/19. I sak 12/20 tek vi opp budsjettet til orientering.

Vi tek atterhald om det er tilhøve/saker vi ikkje er kjent med.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	033	13.01.20	20.01.2020	KS/JS

## OPPFØLGING AV SAKER FRÅ VÅGSØY KOMMUNE – OPPFØLGINGSLISTE

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølgingslista til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei orientering om status på overgangen av Bryggja til Stad kommune, på eit seinare møte.

### I møtet

Pkt.2 i forslaget til vedtak vart trekt: Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp kommunestyret i Vågsøy sitt vedtak i sak 085/19. Før arbeidet vert sett i gong, ber ein om avklaring frå kontrollutvala i dei andre eigarkommunane.

Pkt 3 vert då pkt 2. i forslaget til vedtak.

Nestleiar Nils Myklebust klargjorde at han var inhabil til å følgje saka: Selskapskontroll av Nordfjord Hamn IKS vidare.

Han vart ikkje gjort inhabil i dette møtet, då det kun vart gjort ei kort orientering om stoda.

Utvalet ville ta saka igjen saka på eit seinare møte og ber då sekretariatet om ei orientering/kortversjon av saka.

### Vedlegg

1. Selskapskontroll av Nordfjord Havn IKS, utskrift frå møteprotokoll.
2. Møtebok frå Vågsøy kommunestyret, sak 085/19.
3. Kommunesamanslåing og overgang med Bryggja, utskrift frå møteprotokoll.

### Saksopplysningar

Tittel	Beskriving	Behandla
<b>Selskapskontroll av Nordfjord Havn IKS</b>	<p><b>Samrøystes innstilling</b></p> <p>1. Kommunestyret tek rapporten av 11.03.2019 frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord Havn IKS, med havnestyret sitt tilsvaret i sak H01/19, til vitende.</p> <p>2. Kommunestyret i Vågsøy ber om at kontrollutvalet/kommunestyret i Kinn gjer vedtak om, eventuelt saman med dei andre eigarkommunane, ein ny-/oppfølgingskontroll i 2020 av Nordfjord hamn IKS. Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfylging av tilskottsvilkåra for fiskerikaier.</p> <p>3. Siden Barstadvika er foreslått tatt opp som oppfølgingskontroll, er det rimelig at hele prosjektet fra oppstart til i dag gjennomgås.</p>	<p>Kontrollutvalet behandla saka 22.09.2019 Sak 48/19</p> <p>Kommunestyret behandla saka 12.12.19 Sak 085/19</p> <p>Kommunestyret vedtok eit punkt 3 etter benkeforslag.</p>
<b>Kommunesamanslåing og overgang med Bryggja</b>	<p><b>Samrøystes vedtak</b></p> <p>Kontrollutvalet oppmodar kontrollutvalet i Kinn å følgje spesielt opp kommunen si saksbehandling i Bryggja sin overgang til Stad kommune.</p>	<p>Kontrollutvalet behandla saka 03.12.19 Sak 53/19</p>

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
18/20	033	13.01.2020	20.01.2020	JS

## ARBEIDET I KONTROLLUTVALET

### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek saka til vitende.
2. Kontrollutvalet har desse innspela til plan for 2020:

Viser til sakene framom som gjeld planlegging for 2020

### I møtet

Utvalsmedlemane viser til det som har kome fram tidlegare i møtet vedkomande planlegging for 2020 og til det som kjem fram under saksopplysningar, bl.a at ein vil kome tilbake til evt. arbeidsfordeling blant medlemane.

Det kom opp at ein ikkje ville ha gjennomgang av møteprotokollar som fast opplegg i utvalet.

### Vedlegg

Politisk organisering

Administrativ organisering/leiing

### Saksopplysningar

#### Utvalet sin status

Kommunelova slår fast at kommunestyret har det øvste ansvaret for kommunen si verksemd, og dei sjølve skal velje eit kontrollutval som skal føre det løpande tilsyn på sine vegne.

Kontrollutvalet kan, utan hinder av teieplikt, ta opp ei kvart tilhøve knyta til kommunen si verksemd. Men:

- Utvalet kan ikkje overprøve politiske vurderingar.
- Har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen følger lover og føresegner og rettar seg etter politiske vedtak og etiske normer.

Det er viktig at kontrollutvalet har god kontakt med kommunestyret, det politiske miljøet elles og kommunen sin administrasjon.

Sekretariatet har plan om å utarbeide ei plan for kontrollarbeidet i 2020. I den samanheng er det ynskjeleg å få fram ein del opplysningar i tillegg til det som er kome fram i møtet 20.01.2020.

### Saksbehandlinga

#### Aktuelle saker

#### I alle møte:

- Godkjenning av innkalling og sakliste. Underskrift av møteportokollen
- Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte
- Skriv og meldingar
- Gjennomgang av møtebøker
- Orientering om status for pågåande saker

### **Vinter:**

- Årsplan inklusiv møteplan for året
- Skatterekneskapen/skatteoppkrevjarfunksjonen
- Årsmelding for kontrollutvalet
- Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon
- Bestilling av overordna analyse for selskapskontroll

### **Vår:**

- Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon frå året før
- Uttale til kommunerekneskapen
- Oppsummering frå revisor om tilhøve som ikkje er retta opp
- Behandling av overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon (2020) – alt. 1 møte om hausten
- Behandling av overordna analyse – Plan for selskapskontroll (2020) – alt. 1 møte om hausten

### **Haust:**

- Revisjonsplan for revisjonsåret
- Orientering om løpande finansiell revisjon
- Budsjett for kontrollutvalet neste år

### **Andre saker – etter kvart dei ligg føre:**

- Forvaltningsrevisjonar
- Rapportar
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Selskapskontrollar
- Oppfølging av selskapskontrollar
- Undersøkingar
- Orienteringar frå revisor
- Orienteringar frå kommunedirektør (kommuneadministrasjonen)
- Oppfølging av andre saker som utvalet har behandla
- Orienteringsbesøk
- Andre saker som oppstår og er relevante å ta opp
- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre statlege kontrollorgan

### **Oppgåver**

Kontrollutvalet skal ha fokus på systemkontroll. Utvalet kan ikkje gjere vedtak som endrar på eit enkeltvedtak, sjølv om det viser seg at ei sak ikkje er rett behandla. I slike høve må utvalet gå vegen om kommunestyret. Fokuset skal vere på om det svikt i den kommunale saksbehandlinga, eller om lover og føresegner og vedtak i kommunestyret ikkje er følgde.

### **Plan for kontrollutvalet 2020**

Før sekretariatet lagar forslag til plan for kontrollutvalet for 2020 bør flg. drøftast og så langt mogleg klargjerast:

- Er talet på møtet greitt som oppgitt i møteplanen?



- Veksling på møta mellom «Vågsøy» og «Flora». For oppstart-tidspunkt på møta er møtestad avgjerande.
- Er det aktuelt å halde møte på ulike stader i kommunen, då i samband med orienteringsbesøk på skular, barnehagar, institusjonar, bedrifter m.m?
- Har utvalet tankar for kontrollområde no. Jf. Selskapskontroll Nordfjord hamn IKS.
- Har revisor tankar for spesielle (nødvendige) kontrollar no?
- Når kan overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vere klar så plan kan leggjast fram.
- Fordeling av oppgåver blant utvalsmedlemene – også å møte i kommunestyremøte og andre utval.  
Spesielt viktig i samband med løpande gjennomgang av kommunale møtebøker/saker.
- Oppmøte i representantskap og generalforsamlingar?.
- Kven skal vi invitere/kalle inn til møta framover frå politisk og administrativ leiing, hovudtillitsvalt m.fl.
- Andre tilhøve som kjem opp som bør vere med i eit plandokument.

**Møtet slutt.**

Bjørn Hollevik.  
Leiar

Kjell Heggen.  
Medlem

**Møteprotokollen går til:** **Kommunestyret i Kinn**  
Kommunerevisjonen Vestland revisjon  
Rådmann til orientering  
Ordførar til orientering